



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato: 02.07.2020
Vår ref: 20/01655-2
Deres ref: 201911530-4

Svar på høyring av søknaden om å få byggje Kvanndalselva Kraftverk i Bjørnafjorden kommune

Ladebekken 50
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00
E-POST post@dirmin.no
WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883
SWIFT DNBANOKK
IBAN NO5376940505883
ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR
TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 1. april 2020.

DMF er statens sentrale fagmyndigheit ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og skal bidra til størst mogleg samla verdiskaping basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og foredling av mineraler. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar vert teke omsyn til i saker etter plan- utbyggings – og vernesaker.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å hindre at viktige førekomstar vert bandlagt av arealbruk som utelukkar framtidig utnytting.

Om saka

NVE har motteke søknad om å byggje Kvanndalselva Kraftverk. Tiltaket ligg i Kvanndalselva i Bjørnafjorden kommune, Vestland Fylke, om lag 4 km nordaust for kommunesenteret Eikelandsosen. Inntaket er planlagt plassert i Holdhustjørna på om lag kote 328 med kraftstasjon ved Vengsvatnet på kote 78.

Fråsegn frå DMF

Ein mineralressurs er ein ikkje-fornybar naturressurs som berre kan takast ut der den finst naturleg. Det er viktig at ressursane vert utnyttta så optimalt som mogleg, det vil si både i volum og kvalitet.

Det føreslåtte kraftverket vert vurdert til å ikkje komme i konflikt med registrerte førekomstar av mineralske ressursar, bergrettar eller masseuttak i drift. Vi har difor ingen innvendingar mot at tiltaket vert gjennomført.

Dragana Beric Skjøstad
seksjonsleiar

Karoline Ulvund
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.



Sakshandsamar: Karoline Ulvund

Mottakarar:

Norges vassdrags- og
energidirektorat

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Kopi til: